

Margit Hunemo
Ragnestølberget 11B
4347 LYE

17.12.2025

Norsk Luthersk Misjonssamband
v/ Generalsekretær Gunnar Bråthen
Sinsenveien 25
0572 OSLO

KOPI: Leiar i Nasjonalt tilsynsråd Thor Fremmegård

Eg har eit bilete i hovudet. Teikna av Jesus Kristus sjølv. Biletet har blitt tydelegare etter kvart som eg las boka til Liv Kristin Steen Brundtland, «I varetekt meg ta».

Dersom eit tre skal vekse og ha grønne blad, må jorda røtene hentar næring frå, vere frisk og sunn. Dei små røtene er første varselet på om noko ikkje er som det skal. Då må gartnaren spa opp treet og reinske området rundt, før ny jord overtek for den usunne. I somme høve må gartnaren finne ein annan stad der treet kan vekse og bli grønt. Bli det det var tenkt til! (Jmfr Luk 13,6f).

Er vi så «familiære» i organisasjonen vår, at vi ikkje vil ta tak i dei vanskelege sakene? Det er ingen løyndom at vi er bundne saman på kryss og tvers i familie-og vennskaps band. Det er både godt og vondt. Og det gjer ekstra vondt dersom desse banda fører til at jordsmonnet vi skal hente næring til liv og vekst, øyder røtene våre.

Då har eg gjeve dykk mi oppsummering av boka «I varetekt meg ta». Og nokre konkrete merknader eg har sterke reaksjonar og spørsmål til, følger nedanfor.

Boka «I varetekt meg ta» av Liv Kristin Steen Brundtland er ei sterk misjonshistorie. Boka teiknar nokre av dei mørkaste kapitla i Norsk luthersk Misjonssamband (NLM) si snart 136 år lange historie med «Verda for Kristus». Biletet forfattern av boka teiknar, treff leiarskapen for heile 2000-talet. Og for nokre er biletet svært stygt.

Denne boka kan vi ikkje bare lese, og leggje frå oss. Vi må gjere noko med hovudbodskapen i boka. Og det er ikkje seksuelle overgrep. Det handlar om hyrdesinnet. (Jmfr Joh 10,1f)

Då eg las boka vart spørsmåla mange og krevjande. Det mest krevjande var at eg leita utan å finne samsvar mellom Skrift-truskapen og Livet vi er så opptekne med i NLM.

Ja, eg leita etter **tenaren!** Han som skal vere til for flokken. Ha hjarta for flokken.

- Korleis er det mogleg å tvinge foreldre til å vitne mot eigne barn i ein rettssak? Saka handlar ikkje om at barnet er kriminell. Det er ein arbeidsgjevar som ikkje vil ta ansvar for eigen struktur og eige system dei tilsette er prisgjevne!
- Korleis kan ein organisasjon med «Verda for Kristus», gjere dette mot trufaste medarbeidarar og deira næraste? Kvifor måtte denne brutale rettssaka gjennomførast? Og det med sekulære verkemiddel! Kvar var den kristne «broder-ånda»?
- Eg må ta sats!

Ut frå det Liv Kristin skriv, hadde ho ikkje noko ønske om rettssak! **Men:** Ho kunne ikkje gje frå seg eigarskapet til si eiga historie! Ho kunne **ikkje gå med på hemmelegald.**

Difor vart det rettssak.

Dernest: Korleis er det mogleg at leiarskapet i ein stor misjonsorganisasjon kan ta i bruk verkemiddel som liknar Mark 14,55f?

Årsaka til spørsmålet mitt, er at ein overgripas oftast har ei «gjentakande» åtferd. Han/ho har merka seg eit «offer», og driv på så lenge det er mogleg å halde løynt. Og vi talar sjeldan om bare eitt tilfelle. Ein bør alltid rekne med at det **kan** vere fleire i nærområdet. Har ein undersøkt kor mange andre som hadde tilsvarande opplevingar som Liv Kristin Steen Brundtland?

Det er ei så **sjokkerande framferd frå leiarane i NLM**, at det er vanskeleg å bruke rette orda. Overgripar har **ikkje noko å gjere som eit vitne mot eit menneske han/ho har forgripe seg på seksuelt!** Han skulle sjølv vore stilt for retten. Og blitt dømt.

⇒ Leiarar som har så dårleg vurderings emne, bør **ikkje ha tillit**.

Eg dristar meg til å seie at de som i dag har tillitsverv, bør gni svevnen or augo! Her **må** de få undervisning og rettleiing om korleis de tek vare på jenter og gutar som har fått krenka intimgrensene sine. Eg fell for freistinga til å syne til Jesu ord i Matt 18,1-6 & Mark 9,41f.

Dei som skulle ta vare på flokken, gav «tjuven» lov til å kome inn i flokken! Det **var faktisk det** leiarane formidla ved at dei kalla han inn for å vitne **mot** Liv Kristin Steen Brundtland. Til gunst for NLM. **Det er til å gråte av! For ei skam!**

Bruken av overgripar som vitne, syner kor lite grunnlag det var for å øyde tid, krefter og pengar på ei sak som ikkje høyrde til i rettsvesenet.

Det var **ikkje** utsendingane som svikta borna sine. Det var NLM som svikta sitt leiaransvar for dei som vart sendt ut.

Det synest som alt Jesus har sagt om tenarskap har gått «hus forbi». Vi har ikkje forstått kva det inneber i praktisk og jordnært kvardagsliv!

Då eg las boka «I varetekt meg ta», gjekk tankane ofte til den miskunnsame samaritanen i Luk 18,32f. Det er slående likskapar. Kvar er Livet som skal følge trua vår?

- Er det eit truverdig ord vi formidlar, når liva våre er i utakt med det vi seier? Og korleis kan ein arbeidsgjevar akseptere at tilsette bryt verdigrunnet, slik vi får innsyn i gjennom dette mørke avsnittet av vår felles misjonshistorie?
- Kvar var Rådsmøtet og hovudstyret? Handlar drifta av NLM om fasaden? Kor mykje vi får inn av gåver? Kor mange utsendingar vi har? Kor harmoniske vi er?
- Vi er opptekne av læra! Det syner den nye strukturen. **Men:** kvar blir det av **Livet?**

Inntrykket ein gjerne vil gje av oss i NLM er eit heilt anna enn det eg har lese i boka. Der har eg blitt sjokkert over ei leiing som har hatt økonomiske ordningar misjonærbarn kunne søke på. Under føresetnad om at ein skreiv under på hemmelegald. Det liknar mykje på «Pilatus-vasken»... (s 120f & s 139-140 i boka, og vedlegg frå boka til Lene Ask «O bli hos meg»)

I tillegg er det heilt i gråsona for ein annan og langt meir alvorsam alarm! Ein **kan** mistenke korrupsjon.

- Korleis er det mogleg å be både tidlegare generalsekretær **og** misjonærbarn om orsaking?

Den eine har hatt ansvar og rikeleg høve til å «gå i Jesu Kristi fotefar», medan misjonærbarna har vore i ei grøft dei burde blitt henta opp av.

Dei burde fått erkjenning av situasjonen og sår-behandling.

Eg finn det svært urovekkjande at leiinga aksepterer, og finn grunnlag for, nye oppgåver til personar som har vore så respektlause i møte med medarbeidarar. Her har ein «trødd under fot»!

Det er ikkje tillitvekkjande!

Oppsummering:

Det høyrer ikkje til min stand og stilling i misjonen, men eg tillét meg å kome med eit sterkt ønske. Kan ein invitere og opne opp for interne møteplassar der tilsette på alle nivå, også tillitsvalde, kan lytte og samtale ope og fritt om korleis denne kulturen kan reinskast ut.

Interessegruppa «Sendt bort» og Liv Kristin Steen Brundtland bør vere sjølvsgatte som innleiarar og utfordrarar. Vi må vere **transparente** i alle tenestene våre. Og særleg merksame på at vi forankrar krevjande og omfattande vedtak i heile organisasjonen. Vi er mange med-tenarar som skal gjere vedtak med konsekvensar for einskilde, for familiar og for oppdraget vårt «Verda for Kristus».

Fleire av dei tinga som blir påpeika i boka «I varetekt meg ta», har hatt, og vil ha konsekvensar for tillit, økonomi og engasjement. Aller mest vil det ha å seie for dei mange medmenneska våre som har stilt seg utanfor det kristne fellesskapet.

Korleis kan vi vinne tilliten og truverdet tilbake, og byggje opp att ein broten relasjon?

Eg legg til grunn at alle tilsette og tillitsvalde i organisasjonen Norsk luthersk Misjonssamband, har lese boka «I varetekt meg ta»!

Boka er ei sterk misjonshistorie. Den er sann med omsyn til «baksida av medaljen». Og vi må våge å ta med den sida også. Vere ærlege. Vere sårbare. Det er då vi lever evangeliet vi forkynner!

Dette brevet handlar ikkje om å «bere ved til bålet», eller vere ute etter bråk. Det er ei bøn, eit ønske om at vi må ta på alvor kva det inneber å vere ein tenar i alt vi er og gjer i den tenesta vi er sett til. Ei teneste som handlar om kvar einaste ein av oss som vil ha Guds Ord til rettesnor for livet.


Med helsing

Margit Hunemo, fritidsforkynnar og styremedlem i region sørvest.

VEDLEGG:

<https://www.kirke.dk/anmeldelse/selvbiografi-om-overgreb-i-missionsorganisation-er-roerende-og-oproerende-laesning>

Eg har også lagt ved nokre bilete nedanfor frå boka til Lene Ask, «O bli hos meg»






MEN INGEN KOM MEG I MØTE.



DET FØLTES SÅ URETTFERDIG. JEG MÅTTE GJØRE NOE.



DERFOR SØKTE JEG ORGANISASJONENE FOR OMSORGSVIKT.



ANSVAR FOR SEKSUELLE OVERGREP OG FEIL HÅNTERING DA DISSE BLE KJENT.



VI GIKK FLERE RUNDER DER VI PRØVDE Å FÅ TIL ET FORLIK. ENDELIG FANT NOEN PAPIRENE OM MEG I ARKIVET. DET VAR EN LØGE DER DET STO HVA SOM BLE GJORT DA OVERGREPENE BLE KJENT.



LIKE FØR RETTSAKEN KOM DET ET NYTT TILBUD OM FORLIK.



DENNE GANGEN VAR SUMMEN EN MILLION KRONER.



MEN JEG HADDE ET KRÅV. JEG VILLE IKKE HOLDE HISTORIEN MIN HEMMELIG.



JEG HADDE HØRT OM FLERE SOM HADDE TATT I MOT PENGER FOR IKKE Å SI NOE.



JEG FIKK HELT BAKOVERSVEIS OG TENKTE WOH!! ENDELIG ANERKJENNER DE ALVORET.



JEG BLE SÅ LETTA NÅ TRENATE DET IKKE BLI SÅR.



JEG SYNTES DET VAR FEIL.



AT DE IKKE BEHANDLET ALLE LIKT OG AT INGEN FIKK VITE OM HYERANDRE.